

---

**Saksnr:** 2021/19550-1  
**Saksbehandlar:** Paal Fosdal  
**Dato:** 03.05.2021
 

---



---

**Til:** Fylkesutvalet
 

---

**Frå:** Fylkesrådmannen
 


---

## Tiltaksplan for 2021

Til orientering for legg fylkesrådmannen fram ein tiltaksplan som er utarbeid for alle avdelingane i Vestland fylkeskommune med utgangspunkt i *Utviklingsplan for Vestland 2020-2024*.

Det blir arbeidd med eit eige opplegg for overordna oppfølging og rapportering til fylkesutvalet på måla i utviklingsplanen. Tiltaksplanen som fylkesrådmannen legg fram i denne saka må ikkje forvekslast med denne oppfølginga, jamfør RS 27/2021, møte i fylkesutvalet 26.mars d.å.  
[ShowDmbHandlingDocument \(vlfk.no\)](#)

Tiltaksplanen kjem i tillegg til den overordna oppfølginga av måla i utviklingsplanen og er ein del av Vestland fylkeskommune sitt samla plan- og styringssystem:



Tiltaksplanen skal bidra til avdelingane si oppfølging av utviklingsplanen gjennom å rette merksemd mot fylkeskommunen si rolle som:

- 1) Samfunnsutviklar
- 2) Forvaltningsnivå
- 3) Regional planmyndigheit

#### 4) Tenesteytande verksemd (internt og eksternt)

Fylkesrådmannen legg til grunn at driftsretta tiltak går sin gang som del av årshjulet utan nærare planlegging av gjennomføring og oppfølging. Tiltaksplanen konsentrerer innsatsen om tiltak som er utviklingsretta - på same måte som utviklingsplanen er grunnleggande utviklingsretta.

Utviklingstiltak bør vere:

- kopla til **utviklingsplanen**
- kopla til **roller**
- **spissa**, dvs:
  - få
  - viktige
  - gjennomførbare
  - målbare
  - tidsavgrensa

I tillegg til tiltaksplanen har alle fylkesdirektørane fått eit oppdragsbrev for 2021. Dette oppdragsbrevet følgjer same mal som for 2020 og klargjer fylkesrådmannen sine forventningar til fylkesdirektørane mål og resultat for 2021 når det gjeld leiing, utvikling og årshjulsoppgåver.

Tiltaksplanen er eit dynamisk dokument som skal skape balanse mellom mål og tiltak, og er eit uttrykk for der organisasjonen er i dag. Vi vil oppdatere og vidareutvikle dokumentet ettersom tiltak blir fullført, blir justert eller nye tiltak kjem til. Det skal vere eit aktivt styrings- og oppfølgingsdokument og fylkesrådmannen legg til grunn at sektoravdelingane held hovudutvala orientert gjennom året slik dei meiner det er rett for sitt ansvarsområde.

Tiltaksplanen er lagt ved i to variantar; sortert pr. mål og sortert pr. avdeling. Den sistnemnde er laga for at hovudutvala skal kunne orientere seg i tiltak som gjeld eigen sektor.

#### Vedlegg

- 1 210414 Tiltak utviklingsplan VLFK\_pr. mål og strategi
- 2 210414 Tiltak Utviklingsplan\_VLFK